

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Julenissen

Bygdelag:

Oppskr. av: Jørgen Skjæveland

Gard:

(adresse): Vikerså

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Skikken med julenisse som deler ut julegaver er ikkje gamal her i bygda. Der er dei riste 10-20 ára denne skikken her kome opp, truleg innverknad frå byene, julehefta og julekort.
2. I sume heimar deler nissen ut alle pakkaner, andre stader berre eple og appelsin. I mange heimar brukar dei ikkje ò denne skikken, men legg pakkaner kring juleheft. Nissen får ikkje noko for bytet.
3. Det er helst far i huset eller ein annan vaksen kar som kleder seg ut til nisse. Då juletreffstar kjem sume gonger nissen inn. Då hev han sume gonger kona si med. Dei er helst små då.
4. Nissen hev langt, kvitt skjegg og raud pinnhåra (toppluva), sid trøya eller frakke stygge skor eller besko. Kona hev stygge maske med fæl nase, hovedplagg og fotsid stygge stakk.
5. Når dei er nisse brukar dei <sup>kjøpt</sup> maske.
6. Dei går kje mykje julebutikk i mi byggd. Julebutikk og julenisse vert mykje blanda



2  
saman. Ein som gir julebukke vert ofte kalla nisse. Summe kleder seg ut i allslags stygge fasongar og klededrakt, gjerne med ein tynn silkesokk drege over hovudet eller med ei kjøpt grøfjull stygg maske og gir så frå hus til hus. Då plar dei ha med seg ei endå styggere kjerring. Summe plar dela ut verdiløst skrap, fint innpakt som julepakkar. Det er helst store born som gjer dette.

8. Ake hev vart lite segn om tui på den gamle lille gardsnissen. Gamle folk veit kje stort meir om han enn at folk trüdde at han var til. Nei, då trüdde folk meir på dvergane i fjella og på hälla (= hundra). Det var ho som skulle ha den maten og ølet folk sette ut juleaftan.

9. Juleaftan hengjer borna opp sokkane sine på sengestolpen. Om natte kjem så nissen og legg guse godt oppi sokkane. Men borna veit godt at det er mor som er nisse den gangen. Den skikken er ny. I 1885 kom det heim ein norsk-amerikener frå Amerika til Bjerkreim. Han fortalde at i Amerika kledde ein seg ut som St. Klæus og delte ut julegaver til born som hengde ut sokkane sine. Då var den skikken ukjend i Bjerkreim.

5125

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING